

Møtereferat 17

Komitéen for nytt kommunenamn og heraldikk

Møtestad: Volda rådhus

Tid: måndag 12.03. kl 19.00 – 21.30

Til stades:

Kari Hasle

Siv Madeleine Kristensen

Rolf Taraldset

Odd A. Folkestad

Jon Tvinnereim

- a. Innkalling til møtet vart samrøystes godkjent.
- b. Utkast til referat frå førre møtet, 12.02.18, vart godkjent med retting av pkt.6c der det står: «Før møtet i Fellesnemnda 6. september 2018 leverer Heraldikknemnda ferdig forslag til ordførarkjede for Nye Volda».
Det rette er at ferdig forslag frå Heraldikknemnda til ordførarkjede for Nye Volda kan leverast til Fellesnemnda før møtet **1.11. 2018**.

1. Vurdering av justeringsforslaga til kommunevåpen for Nye Volda frå Arvid Sveen Nye Volda.

På oppmoding av leiaren hadde Odd A. Folkestad fått laga vektoriserte teikningar av dei to forslaga til justeringar frå Arvid Sveen (kalla A og B).

Medlemmane Siv Kristensen og Rolf Taraldset påpeika at ljåane i vinnarforslaget ikkje er så atkjennande for Hornindal når dei står loddrett. Taraldset la fram eit utkast der dei loddrette ljåane i vinnarforslaget vart reduserte i storleik og flytta noko ned i høve til pennesplitten. I tillegg vart det plassert ein ekstra ljå vassrett over, slik som i eksisterande kommunevåpen for Hornindal.

Det vart i drøftinga hevda at skissa frå Rolf Taraldset var ein ny figur og ikkje ei «justering» i vinnarforslaget, og at det ikkje etter tilrådinga frå Heraldikknemnda som vart overlevert Fellesnemnda 16.11.2017, var høve til å kome med nye forslag.

Det vart halde prøverøysting over dei to justeringsforslaga frå Arvid Sveen, A og B: Utfallet vart slik:

Alternativ A: 3 røyster for, 2 blanke røyster

Alternativ B: Ingen røyster

Ved endeleg røysting vart resultatet det same: 3 røysta for alternativ A, 2 røysta blankt. Ingen røysta for alternativ B.

Medlemmane Siv Kristensen og Rolf Taraldset hadde denne protokolltilførselen:
Det er ynskjeleg at ljåmotivet vert gjort meir gjenkjenneleg for Hornindal. Same motivet men med ein ekstra ljå over.

Dermed tilrår fleirtalet i Heraldikknemnda å bruke alternativ A, som er vinnarforslaget i konkurransen justert av Arvid Sveen, som kommunevåpen for Nye Volda.

Merk: Teikningar av alternativ A i full storleik og i «brevformat» vert sende i eigen mail.

2. Forslag til motiv på medaljongane i den nye ordførarkjeda.

Det var semje i nemnda om å bruke liljekonvallmotivet som gjennomgåande bindelekkar mellom medaljongane, slik det er i ordførarkjeda for Hornindal.

Moglege motiv på j vart nemnde, og kvar medlem kom med forslag, dels egne forslag, og dels innhenta forslag frå andre. Det var semje om at det er viktig å få med motiv som kan vere felles for dei to kommunane.

Her er dei nemnde forslaga utan nærare prioritering:

Ambolt
Bok
Båt
Dei to noverande kommunevåpena
Fele
Fjellet Honndalsrokk
Fjellet Toren eller Torane
Fyrtårn
Høvel
Klinkbygd båt
Kvivsbrua
Idrettsmotiv (hopp/fotball)
Svor-museet
Vevstol

Desse forslaga blir drøfta på komande møte i Heraldikknemnda. Det same gjeld utteikning av motiva og framdrifta av arbeidet vidare.

Randabygda 14.03.2018

Referent

Jon Tvinnereim

